

ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENTET
Postboks 8019 Dep
0030 OSLO

Att. Prableen Kaur

Deres ref.: 24/2444	Vår ref.: 2024/677 - 10684/2024	Saksbehandler: Randi Marie Omdal	Dato: 15.10.2024
-------------------------------	---	--	----------------------------

Høringssvar- endringer i arbeidsmiljøloven

Helse Vest takkar for invitasjon til å gi høgringsuttale på høyring om endringer i arbeidsmiljølova.

Innleiande kommentarar

I høgringnotatet gjer departementet greie for Arbeidstilsynets heimlar for utøving av tilsyn og moglegheiter til å gi sanksjonar. Helse Vest vil understreke at me støttar opp om Spekter sine innspel, sjå vedlegg.

I tillegg vil Helse Vest særskilt nemna at arbeidslivskriminaliteten har alvorslege konsekvensar for arbeidstakarar, verksemder og samfunnet samla sett. Helse Vest meiner etterforsking av alvorleg kriminalitet, også på arbeidslivsområdet, først og fremst må vera politi- og påtalemakta sine oppgåver.

Helse Vest støttar opp om Spekter sine innspel, og har følgjande kommentarar til nokre av forslaga;

Arbeidstilsynets inspeksjonsadgang (avsnitt 5)

Helse Vest støttar at det gis ei tilvising til inspeksjonstilgangen (i arbeidsmiljølova) i allmenngjøringsloven, utlendingslova og innkjøpslova.

Opplysningsplikt (avsnitt 6)

Helse Vest vil påpeike at føresegna må utformast slik at verksemder ikkje kan tvingast til å utlevera forhold om kverandre. Dei kan ha legitime grunnar for å nekta, til dømes omsynet til eigne forretningshemmeligheter, konkurranseforhold osv.

Sjølv om det er krevjande å få opplysningar når det gjeld arbeidskriminalitet, er det for Helse Vest avgjerande at føresegna blir avgrensa til heilt nødvendige og særlege forhold.

Adgang til bevissikring (avsnitt 7)

Helse Vest meiner dette ligg på sida av Arbeidstilsynet oppgåver, og fråråder at det blir innført ein slik bestemmelse.

Arbeidstilsynets påleggskompetanse (avsnitt 8)

Moglegheit for ein uhindra tilgang til lokala til verksemder er ikkje omfatta av påleggskompetansen, og departementet foreslår at det blir innført ein slik heimel. Helse Vest støttar forslaget, fordi Helse Vest meiner det er unødig bruk av tid og ressursar at tilsynet må melda forholdet slik det er i dag.

Overtredelsesgebyr (avsnitt 11)

Overtredelsesgebyr mot virksomheter

Helse Vest meiner dette er en lovfesting av gjeldande rett og støttar forslaget.

Overtredelsesgebyr mot fysiske personer

Helse Vest deler tvilen til departementet og mener forholdet bør greiast ut nærare før ein eventuelt går vidare med eit slikt forslag.

Adgangen til å ilegge overtredelsesgebyr på stedet

Arbeidstilsynet har i dag ingen praksis for ilegging av straffegebyr medan tilsynet blir gjennomført, og gjennomfører ein administrativ rutine før gebyret blir gitt. Det blir foreslått å innføra ein heimel i gebyrparagrafen som gjer det mogleg for tilsynet å gi gebyr på stede, men nytta i forholdsvis enkle og oversiktlege saker. Helse Vest støttar dette forslaget.

Foreldelse

Det kan etter gjeldsande reglar ikkje givast straffegebyr for regelbrot som ligg lenger enn to år tilbake i tid. Departementet viser til at det i nokre tilfelle kan vera formålstenleg med ein frist av ei viss lengd også i administrative saker.

All den tid tilsynet er av den oppfatninga at dette ikkje er eit problem i dag, og det ikkje er dokumentert eit tydeleg behov for ei slik lovendring, som dessutan utfordrar rettssikkerhetshensyn og forutberegnelighet, kan Helse Vest ikkje støtte forslaget om forlengd foreldingsfrist.

Politiets bistand ved håndheving av Arbeidstilsynets vedtak (avsnitt 12)

Helse Vest kan ikkje støtte eit forslag der Arbeidstilsynet kan krevja at politiet gir bistand i slike tilfelle, fordi politiet er en autonom verksemd som gjer egne og sjølvstendige vurderingar.

Vennlig hilsen

Ivar Eriksen
Eierdirektør

Randi Marie Omdal
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent av:Ivar Eriksen eierdirektør

Vedlegg:

1

Høringssvar Spekter